



Del 7

---

Arkivsak-dok. 20/01398-4  
Saksbehandler Malin Stokkeland

Saksgang	Møtedato
Formannskap	04.06.2020
Ungdomsrådet	08.06.2020
Kommunestyre	18.06.2020

---

## Saksframlegg

### Tilstandsrapport for barnehage og skule i Hægebostad kommune for 2019

#### Rådmannens innstilling:

Kommunestyret tar vedlagte «Tilstandsrapport for skule og barnehage for 2019» til etterretning.

#### Vedlegg

Tilstandsrapport til kommunestyret 2019

#### Saken kort fortalt

Opplæringslova § 13.10 seier at: «Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Hægebostad kommune har planar for overgang barnehage/barneskule og barneskule/ ungdomsskule(felles med Audnedal). Det er eit tett samarbeid mellom skulane og barnehagane i høve til planar. Derfor er det naturleg å sjå oppvekstsektoren i Hægebostad kommune under eitt, og ta med både skulane og barnehagane i denne rapporten. Audnedal kommune rapporterer om Byremo ungdomsskule.



## **Bakgrunn**

### **Vurdering**

Kommunestyret tar vedlagte «Tilstandsrapport for skule og barnehage for 2019» til etterretning.

### **Økonomiske konsekvenser**

#### **Konsekvenser for barn og unge**

Viser til vedlagte rapport.

#### **Konsekvenser for klima og miljø**

#### **Konsekvenser for folkehelse**

### **Konklusjon**

Kommunestyret tar vedlagte «Tilstandsrapport for skule og barnehage for 2019» til etterretning.



2019

# Tilstandsrapport

Skule og barnehage

Kunnskap Vekst Trivsel



HÆGEBOSTAD KOMMUNE  
*«Saman om ei positiv utvikling»*



---

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

---

### 1. Samandrag/konklusjon

Barnehagane og skulane si viktigaste oppgåve er å arbeide for at alle barn kjenner på å tilhøyra og vere inkludert i barnehage- og skulefellesskapet. Det skal vere "rom og plass" til alle barn uansett funksjonsnivå, kjønn, sosial, etnisk og kulturell bakgrunn.

Arbeid med barn og unge handlar om å skape tryggleik og læring rundt kvart enkelt barn. Statistikk og tal er bare ein metode for å få generelle tilbakemeldingar i arbeidet med å skape eit betre barnehage- og skuletilbod. Tala blir forsøkt gitt opp i tidsseriar slik at ein kan følge utviklinga i kommunen over tid. Ulik storleik på kommunar, einingar og andre ytre forhold gjer at tala ofte ikkje kan samanliknast direkte med kvarandre. Likevel kan statistikk og tal kan vere med på å gje eit godt grunnlag for eit situasjonsbilete og dermed vere eit godt bidrag for framtidige vegval og målsetjingar, både i faglege, administrative og politiske organ.

Oppveksten til barn og unge i Hægebostad kommune skal vere prega av kunnskap, vekst og trivsel jf. «Pedagogisk Plattform. Resultata på til dømes nasjonale prøver vil svinge frå år til år på grunn av små årskull. Her må ein sjå på utviklinga over fleire år for å kunne seie noe om kvaliteten på opplæringa. Hægebostad kommune viser stor framgang på skulebidragsindikatoren (3 skalapoeng) for 1. – 4. trinn i 2019 i høve til 2018. Meir informasjon på: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/skolebidrag-1-4-trinn/haegebostad-kommune?orgaggr=o&sammenstilling=1&fordeling=2>

Elevundersøkinga på 7. trinn blei ved ei misforståing ikkje gjennomført innan fristen i 2019. Undersøkinga blei gjennomført i starten av 2020, og resultata blir vist seinare i rapporten. Undersøkinga viser at elevane i Hægebostad stort sett skorar nokså likt snittet i Vest-Agder og resten av landet. Det er svært gledeleg å sjå at Hægebostad elevane trivast på skulen, dei er nøgde med læringskulturen, får nok faglege utfordringar og ikkje minst god støtte frå heimane. Dette fortel noe om at alt det arbeidet ein har lagt ned i klasseleiing dei seinare åra har lukkast. Hægebostad skorar litt lågare på elevdemokrati, dette er ein av tinga som blir sett på og tatt tak i framover.

Barnehagane har gjennomgått fleire kompetanseløft dei siste åra, og dette er med på å førebygge, og å gjere barna best muleg i stand til å takle dei utfordringane dei møter, både sosialt og fagleg. Trygge og autoritative vaksne er svært viktig i høve til dette. Det er, og har vore, ei utfordring å skaffe nok barnehagelærarar til barnehagane i Hægebostad. Det har vore svært få søkjarar til utlyste stillingar og det fører til at noen pedagogar i barnehagane ikkje har formell utdanning og dermed går på dispensasjon. Dei som har gått på dispensasjon er nå under utdanning.

Begge skulane har dei seinare åra tileigna seg endå betre kompetanse på lese- og skriveopplæring. Klasseleiing er, og har vore, eit satsingsområde for begge skulane. Ein ser at dette arbeidet gir auka tryggleik både for elevar og for tilsette.

Hægebostad har positive, kompetente og engasjerte tilsette som legg til rette for gode lærings- og utviklingsmiljø i skule og barnehage.

---

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

---

Mange lærarar har dei seinare åra tatt vidare- /etterutdanning mellom anna gjennom «Kompetanse for kvalitet». Dette blir delfinansiert gjennom Utdanningsdirektoratet (Udir) og er ein svært god ordning for dei som ønskjer meir utdanning, eller må ta vidareutdanning for å halde fram med å vere kvalifiserte for stillinga si. Søkjarar med engelskkompetanse, eller allereie tilsette lærarar som ønskjer å ta etterutdanning i engelsk vil bli prioriterte.

Uteområda til skulane og barnehagane treng kontinuerlig oppfølging for å skape god og variert aktivitet som gjev alle mulegheit til å utfalde seg i friminutt, utetid, SFO og kroppsøvingstimar. Vedlikehald, utvikling og sikring av uteområda til skulane og barnehagane er eit kontinuerleg arbeid som alltid bør ha høg prioritet.

Minoritetspråklege barn i skule og barnehage er ei positiv utfordring. Språk-opplæring her er eit ressurskrevjande og svært viktig arbeid. Det er utfordrande å gje eit godt tilbod ut frå ressursituasjonen i barnehage og skule. Med å gje desse barna/elevane eit godt fundament i norsk språk og kultur legg ein til rette for vidare utdanning og framtidig bidrag i arbeidslivet.

Når ein hentar informasjon om driftskostnadar frå offisielle kjelder må ein ta høgde for at i noen høve blir ikkje elevane som Hægebostad går på Byremo ungdomsskule med i rekneskapen, utgiftene blir bare fordelt på elevar på Eiken og Kollemo. Dette er forsøkt retta opp fleire gonger, men det ser ut til at det er vanskeleg å finne ei god løysing på.

I og med at elevane frå Audnedal og Hægebostad går på felles ungdomsskule er det ein del tal vi ikkje kan få ut for elevane frå Hægebostad. Det gjeld mellom anna nasjonale prøver for 9. trinn, eksamensresultat, grunnskulepoeng og statistikk/oversikt over ressursbruk, lærarar, timar osv.

## 2. Bakgrunn for rapporten

Opplæringslova § 13.10 seier at: «Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Hægebostad kommune har planar for overgang barnehage/barneskule og barneskule/ ungdomsskule(felles med Audnedal). Det er eit tett samarbeid mellom skulane og barnehagane i høve til planar. Derfor er det naturleg å sjå oppvekstsektoren i Hægebostad kommune under eitt, og ta med både skulane og barnehagane i denne rapporten. Audnedal kommune rapporterer om Byremo ungdomsskule. I tillegg til rapportering på læringsresultat, fråfall og læringsmiljø er det sett på måloppnåing i høve til pedagogisk plattform og utfordringar framover.

### 2.1. Dokumentasjon

Tilstandsrapporten for barnehage og skule skal vere ein systematisk dokumentasjon og analyse av innsatsfaktorar og resultat. Eit av dei viktigaste siktemåla med denne rapporteringa er å bidra til felles forståing og dialog mellom barnehagar, skular og det politiske nivået. Dette vil føre til auka kompetanse og ei meir målretta utvikling. Målet er ein kontinuerleg prosess med forbetring av kvaliteten på tenestetilbodet innan oppvekst. Å vurdere kva som er god kvalitet i barnehage og skule byr på mange utfordringar. Det er ulike meiningar om kva som skapar den gode barnehage og skule, og det er mange kvalitetar og



---

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

---

ferdigheitar som ikkje er så lett å måle eller dokumentere. Samtidig har det dei siste åra blitt etablert fleire verktøy som bidreg til å gi innspel på om kvaliteten er god eller dårleg. Tilstandsrapporten byggjer på data frå Utdanningsdirektoratets internettside [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) og «Kvalitetsmeldinga for grunnskuleopplæringa i Noreg». I tillegg kjem nasjonale data frå SSB sin KOSTRA statistikk, barnehagefakta.no og andre lokale og nasjonale tilgjengelege kjelder.

### 2.2. Krav til innhald

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggast ut med anna omtale som skuleeigar meiner er formålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakeleg skal nyttast som grunnlag for skuleeigars vurdering av tilstanden. Det følger av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir bedt om å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sett opp. Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytt til opplæringa av barn, unge og vaksne. I vurderinga om korleis vaksne sine rettigheter blir tatt vare på i høve til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skuleeigaren nytte andre kjelder for å hente inn data.

### 2.3. Det generelle systemkravet

Skuleeigars plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Ein gjer merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som ligg på skuleeigar etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor breiare enn det tilstandsrapporten dekkjer. Pedagogisk konsulent rapporterer til rådmannen som rapporterer vidare til det politiske nivå, formannskap og kommunestyre.

### 2.4. Personvern

Tall som blir lasta ned frå mellom anna [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no), kan for små einingar innehalde opplysingar som indirekte kan gje høve til identifisering. Dette kan være opplysingar som er teiepliktige etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter person-opplysningslova § 2 nr. 1. Med små årskull vil prosentfordeling kunne gje enorme utslag. Ein bør difor velje å sjå utvikling over tid der utvalet er svært lite. Ein understrekar at desse opplysningane må handsamast i tråd med forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

## 3. Eiken barnehage

Opningstider: 06:45– 16:30 alle vekedagar. Kostpengar: 17.- pr. dag. Leike- og opphaldsareal pr. barn: 8,9m<sup>2</sup>, totalt 500 m<sup>2</sup>. 5 barn pr. tilsett. 52 % av dei tilsette har barnehagelærarutdanning. Barnehagen oppfylte pedagognorma.

## 4. Eiken skule

Undervisningstid: 08.55 - 14.35, måndag, tysdag, torsdag og fredag for 1. – 7. trinn, i tillegg går 4. – 7. trinn onsdagane frå 08.55 – 12.40. 1. - 3. trinn har 24 timar av 45 minutt undervisning kvar veke, 4. – 7. trinn har 28 timar + 1 time naturfag.

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

SFO – tilbod kvar dag frå 07.00 – 17.00. I tillegg blir det gitt tilbod i feriar og på fridagar. Tilbod blir oppretta frå første søkjar.

Hausten 2019 blei felles friluftsf SFO på onsdagane lagt til Eiken skule. Mellom 15 og 20 elevar har nytta seg av tilbodet.

## 5. Hægebostad barnehage

Opningstider: 06:45– 16:30 alle vekedagar. Kostpengar 17.- kr. pr. dag.

Opphaldsareal pr. barn: 4,4 m<sup>2</sup>, totalt 203,5m<sup>2</sup>. 4,5 barn pr. tilsett (fleire barn med særskilte behov) 24,8% av dei tilsette har barnehagelærerutdanning.

Hægebostad barnehage oppfylte pedagognorma med dispensasjon pr. 15.12.19.

Det er stor skilnad i leike- og opphaldsareal pr. barn i barnehagane, noko som kan gje utfordringar i forhold til like tilbod.

## 6. Kollemo skole

Undervisningstid: 08.05 - 13.45, måndag, tysdag, torsdag og fredag for 1. – 7. trinn, i tillegg går 4. – 7. trinn onsdagane frå 08.05 – 11.30. 1. - 3. trinn har 24 timar av 45 minutt undervisning kvar veke, 4. – 7. trinn har 28 timar + 1 time naturfag på mellomtrinnet.

SFO – tilbod kvar dag frå 07.00 – 17.00. I tillegg blir det gitt tilbod i feriar og på fridagar. Tilbod blir oppretta frå første søkjar.

## 7. Rammefaktorar/Nøkkeltal

### 7.1. Barnehagar

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner pr. barn i kommunal barnehage

	2017	2018	2019
Hægebostad	184 100	200 392	198 228
Audnedal	193 490	193 784	224 594
KOSTRA gruppe 5 (4 frå 2019)	203 357	221 912	229 069
Vest-Agder	192 227	211 428	224 121
Landet	200 833	215 212	227 634

Hægebostad ligg relativt lågt på kostnader. Ei forklaring kan vere at ein ikkje har hatt kvalifiserte søkjarar til pedagogstillingane og har brukt fagarbeidarar i pedagogstillingar.

### Tal på barn og plassar i barnehagane i Hægebostad kommune

	2016	2017	2018	2019
<b>Eiken:</b> (BARN/PLASSAR)	52/62	50/64	56/78	55/72
<b>Hægebostad:</b> (BARN/PLASSAR)	48/66	50/68	49/64	47/59

Talet på plassar i barnehagane vil variere ut frå kor mange av barna som er under 3 år (dei tel to plassar). Barnetalet har vore ganske stabilt dei siste åra. Det er fleire barn som begynner i barnehagen tidlegare og dei bruker fleire dagar. Barnehagane rapporterer 15. desember kvart år.



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

Hægebostad kommune har fastsett at leike- og opphaldsareal skal vere 4m<sup>2</sup> per barn over 3 år og 5,5m<sup>2</sup> per barn under 3 år. Hægebostad kommune har 4,8 barn pr. tilsett (15.12.19).

**Barn 1 - 5 år med barnehageplass:**

År:	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Prosent	81,8 %	80,0 %	80,8 %	78,7%	85,7%	92,7%

102,7% av barn frå 3 – 5 år i Hægebostad har barnehageplass. Grunnen til at ein kjem over 100% er gjestebarn frå andre kommunar.

**7.2. Skular**

	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Elevar	148	137	149	156	157
Kontaktlærarar	13	13	13	14	14
Lærarar	21	22	25	26	24
Lærarårsverk	15,4	15,2	15,4	16,6	18,5
Elevar per årsverk til undervisning	11,0	10,2	10,9	10,8	9,3
Lærartettleik 1.-7. trinn	11,0	10,4	10,9	10,8	9,2
Lærartettleik i ordinær undervisning	12,0	11,9	14,2	13,6	9,9
Lærarar med godkjent utdanning	92,5	86,5	82,9	86,5	84,0
Lærartimar gitt til undervisning	11 862	10 575	10 104	10 752	12484
Undervisningstimar totalt per elev	76	70	68	69	80
Driftsutgifter per elev	149 016	156 794	170 175	173 817	184 529
Lønnsutgifter per elev	107 596	112 364	118 836	123 669	133 180
Prosentdel lønnsutgifter av totale utgifter	53,6	53,1	53,8	57,1	56,4
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 068	1 201	3 891	2 352	2916
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 332	2 279	3 284	3 796	3048

NB! Her må ein ta høgde for at kostnadane til Byremo ungdomsskule er tatt med, men ikkje fordelt på elevane vi har der! Det betyr at Audnedal sine kostnader blir fordelt på elevar frå begge kommunane. Dette slår svært positivt ut for Audnedal på til dømes kommunebarometeret, medan det for Hægebostad gir eit svært feilaktig resultat. Ein må ta høgde for dette i alle samanhengar der kostnadane blir delt på kvar elev, ikkje på kvar innbyggjar. Det har vore jobba med å finne ei løysing på dette problemet over fleire år, men ein har ennå ikkje funnet ei løysing som fungerer.

Elevtalet på barnetrinnet i Hægebostad har auka med 20 elevar frå 2016/17. Hægebostad kommune oppfyller norma for tal på lærarar.

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

**8. Skulefritidsordning (SFO)**

	Korrigerede brutto driftsutgifter til SFO, per kommunale brukar (kr)			Inntekter fra foreldrebetalingen i SFO (1000 kr)		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
EAK Landet	29 955,1	31 473,5	32 575,0	3 379 452	3 369 171	3 334 252
1027 Audnedal	35 819,0	59 938,7	52 893,4	341	287	374
1032 Lyngdal	22 882,6	23 911,7	25 774,5	3 315	2 909	2 707
1034 Hægebostad	13 621,3	20 070,2	26 694,0	258	355	583
EKG04 KOSTRA-gruppe 4	25 364,8	28 646,7	32 613,0	4 968	4 101	4 690

**9. Tilsyn**

- Det er ikkje gjennomført tilsyn i barnehage- og skulesektoren i 2019.

**10. Prosjekt/kompetanseheving – barnehage****10.1. «Være sammen» og Språkkommune**

Hægebostad kommune har tidlegare vært med i to store prosjekt, språkkommune og «Være sammen». Dette løftast framleis jamt for at kvaliteten skal oppretthaldast på arbeidet vårt.

**10.2. Felles regional handlingsplan mot mobbing**

I samarbeid med Kompetansesenter Sør og barnehagane i regionen blei det i 2015 utarbeida ein felles plan for å førebyggje mobbing i barnehagane. Planen heiter «Jeg trives!» og har blitt implementert i barnehagane frå hausten 2016 og revidert i juni 2018.

**10.3. Tilskot til symjeopplæring**

54.000.- frå Fylkesmannen etter søknad frå barnehagane blei tildelt for 2018.

**10.4. Barnehagebibliotek**

Barnehagane har eit barnehagebibliotek i kvar barnehage. Der kan barna låne bøkar med seg heim. Dette blir til tider godt brukt. Det er eit godt samarbeid med folkebiblioteket. Ein fast dag går forskjellige grupper frå barnehagane på folkebiblioteket for å låne bøker og bli lest for. Dette blir leia av folkebibliotekaren.

**10.5. Vidareutdanning/kompetanseheving**

To barne- og ungdomsarbeidarar begynte hausten 2019 på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ablu). Ein spesialpedagog tok hausten 2018 til med utdanning for å bli barnehagelærer (blu), ho er ferdig våren 2020.

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

---

Barnehagane hadde hausten 2019 eit felles kurs om vold og seksuelle overgrep, med foredragshaldar frå Stine Sofie-stiftelsen.

Det er gjennomført 3 timars førstehjelpskurs for alle tilsette i begge barnehagane.

Det er gjennomført livredningskurs for aktuelle tilsette.

## **11. Fellesprosjekt/satsingsområde**

### **11.1. Utbetring av uteområda**

FAU på Kollemo har fiksa leikeapparat på dugnad. Dei har og gjennomført loppemarknad og kjøpt inn nytt leikeapparat som skal monterast i 2020.

## **12. Prosjekt/kompetanseheving – skulane**

### **12.1. Kompetansetiltak knytt til mottak av flyktningbarn**

Hægebostad kommune har etter søknad til Fylkesmannen fått tildelt 48.650.- for å betre kompetansen i høve til arbeid med flyktningbarn. Midlane er nytta til «Grunnkurs i traumeforståing» i regi av RVTS Sør for to pedagogar frå kvar skule.

### **12.2. Kompetanse for kvalitet**

I denne strategien for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025, blir rammene for den nasjonale satsinga, som er utvikla i eit samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og Kunnskapsdepartementet lagt. Over fleire år har lærarar frå Hægebostad deltatt i dette opplegget som delvis blir finansiert av eksterne midlar gjennom to ulike ordningar. Skuleeigar har ansvar for å dekke kostnader i høve til reise, opphald, læremidlar mv. Med stipendordninga bestemmer læraren, i dialog med skuleeigar/leiar, om læraren vil bruke delar av stipendet til å få fri for å studere, eller om stipendet skal være ein ekstra inntekt i tillegg til jobb. Skulane har stort behov for lærarar med engelsk, spesialpedagogikk og realfag i fagkrinsen, og prioriterer dette når ein skal velje kven som blir tilrådd vidareutdanning.

### **12.3. Nettverk for begynneropplæring – Kompetansesenter Sør**

Kontaktlærarane på 1. og 2. trinn deltok på tilbodet.

### **12.4. Tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar**

15.000.- frå Fylkesmannen etter søknad. Midlane skal gå til å dekke utgifter i samband med symjeopplæring for nykomne minoritetsspråkelge elevar (og vaksne).

### **12.5. Leseopplæringsplan – saman med Audnedal/Kompetansesenter Sør**

Planen er vedtatt – det blir jobba med å integrere planen i årsplanane. Hospitering mellom skule og barnehage er i gang, men ein har ikkje fått til hospitering mellom barneskule og ungdomsskule.



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

**12.6. IKT-plan – saman med Audnedal**

Integrering av planen i ulike fag er i gong. Det har vore utfordrande å få med Audnedal på samarbeidsmøte dei siste åra.

**12.7. Internopplæring**


- Gjennomført livredningskurs for de tilsette
- Dysleksikurs/planleggingsdag

**13. Overgangsplanar**

Det er utarbeidd planar for overgang mellom barnehage og barneskule og Audnedal har laga overgangsplan mellom barneskule og ungdomsskule. Planen for overgang mellom barnehage/skule skal reviderast i 2020.

**14. Samarbeidspartnarar****14.1. Kompetansesenter Sør/PPT**

«Senterets mandat og målsetning er: *Sammen for å løse fremtidige kompetanseutfordringer for barn og unge i regionen.*» Kompetansesenter Sør blei etablert 01.01.2013. Senteret skal serve kommunane Lindesnes, Audnedal, Marnardal, Åseral og Hægebostad med tenester knytt til kompetanse og skuleutvikling, samt PP-teneste med individ- og systemarbeid. Eigardelen i Kompetansesenter Sør reknast ut frå SSB sine tal på barn og unge mellom 0-5 år og 6-15 år. I 2019 var medlemsandelen fordelt på følgande måte:




Hægebostad kommune

Årstall:	Tal på elevar/barn med enkeltvedtak om spesialundervisning:
2019	5,1%
2018	6,4%
2017	6,0%
2016	8,0%
2015	2,7%



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019



Skulane og barnehagane i Hægebostad har hatt mindre midlar til å setje inn på barn/elevar med ekstra utfordringar/behov dei siste åra. Oppvekstetaten ønskjer at flest muleg barn/elevar skal delta i det ordinære utdanningsløpet. Barn/elevar som har krav på spesialundervisning etter opplæringslova §5.1 skal få det. Tidleg innsats er svært viktig og er eit av satsingsområda i pedagogisk plattform, «*Tidleg innsats i skule og barnehage (ekstra pedagogressursar blir satt inn med ei gong ein ser at det er behov)dvs. flytande timar til spesialpedagog /koordinator.*» Dette har ikkje vore gjennomført etter intensjonen på grunn av manglande ressursar.

På grunn av kommunesamanslåing mellom Audnedal og Lyngdal, samt Lindesnes, Marnardal og Mandal, blei Kompetansesenter Sør lagt ned frå 31.12.2019. Hægebostad blei tatt opp i Lister PPT og Lister pedagogiske senter frå 01.01.2020.

#### 14.2. Habu – Habiteringsseksjonen for barn og unge

Habu har ansvar for å tilby spesialhelsetenester til barn og unge i aldersgruppa 0-18 år som treng habilitering (tidsavgrensa planlagde prosessar med klare mål og verkemidlar, der fleire aktørar samarbeider om å gje nødvendig bistand til brukarane sin eigeninnsats for å oppnå best muleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet).

#### 14.3. Abup – Avdeling for barn- og unges psykiske helse.

Abup gir spesialisert helsetilbod til barn og unge, 0-18 år, med psykiske utfordringar.

Habu og Abup er 2. linetenester og sorterer under spesialisthelsetenesta. Barn og unge med behov for kontakt med denne tenesta må tilvisast via fastlege

#### 14.4. Logoped

Det er utarbeidd rutiner for logopedhjelp i Hægebostad kommune, ephorte sak 2012/248-1. Kvart år kan barnehagane og skulane melde inn barn dei ønskjer skal bli vurdert av logoped. Dette er eit viktig tiltak der dei tilsette får råd og vegleiing, samt oppfølging ved neste besøk. Denne tenesta blir administrert via helsestasjonen.

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

**14.5. Skulehelsetenesta**

Skulehelsetenesta har kontortid på skulane for elevane kvar veke. Dei deltek på ansvarsgruppemøter og har eit eige årshjul for gjennomføring av ulike aktivitetar/opplysningsarbeid. Skulehelsetenesta er med i undervisning i LINK arbeidet. LINK = livsmeistring i norske klasserom. LINK starta opp våren 2019. Prosjektmidlar har og ført til at skulehelsetenesta i 2019 er på skulane i 20% mot tidlegare 10%. Det er utarbeidd årsplan for skulehelsetenesta. Helsestasjonen driv vegleing i barnehagane.

**14.6. Tiltaksteam**

Tiltaksteamet består av barnevern, PP-tenesta, Abup, helsestasjonen, psykisk helse/familiekontor og meldar. Tiltaksteamet har møte kvar 6.veke på helsesenteret. Alle som arbeider med barn og unge kan melde inn saker som blir diskutert på tverrfagleg grunnlag både med 1. og 2. line tenesta. Saker skal bli drøfta anonymt dersom samtykke ikkje er innhenta. Tiltaksteamet gir vegleing og råd om vidare oppfølging.

**15. Tidleg innsats/tilpassa opplæring**

Hægebostad kommune har mottatt statlege midlar til styrking av 1.- 4. trinn. Desse midlane har vore brukt til å setje inn ekstra ressursar der det er naudsynt. Eksempel på dette er mellom anna lese- og reknekurs for elevar som treng lenger tid for å meistre faglege utfordringar. Desse midlane har og gitt rom for heving av sosial kompetanse for dei elevane som treng det. Det er utfordrande å finne nok ressursar til å gje den enkelte elev best mogleg tilpassa opplæring. Ein ser nok at det er eit aukande behov hjå elevane for ekstra oppfølging på vaksenkontakt og sosialt samspel. Ein del slit med å tilpasse seg endringar som skjer i samfunnet i høve til for eksempel sosiale media og endra familiestruktur.

Det blir ikkje gitt midlar til tidleg innsats i barnehagane. Dette gjør at vi ikkje kan setje i gang nødvendige tiltak tidleg nok.

**16. Elevundersøkinga**

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der elevar på 7. trinn får sagt si meining om læring og trivsel i skulen. Svara blir brukt av skulen, kommunen og staten for å gjøre skulen betre. Det er alltid frivillig for elevene å delta. Dei kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på. I haustsemesteret er det obligatorisk for skulane å gjennomføre undersøkinga på 7. trinn. På grunn av ein feil blei ikkje undersøkinga gjennomført før i februar. Derfor er det noen spørsmål/emne som ikkje passar saman med gjennomsnitt for fylket og landet. Dette er forsøkt korrigert på best muleg måte. Undersøkinga gir likevel eit godt bilete av korleis elevane på 7. trinn i Hægebostad oppfatar kvardagen sin. 91.3% av elevane har svart på undersøkinga.

Trivsel	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Hægebostad kommune	4,3	4,5	4,4	4,5
Vest-Agder fylke	4,5	4,4	4,4	4,3



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

Nasjonalt	4,4	4,3	4,3	4,3
<b>Motivasjon</b>				
Hægebostad kommune	4,7	4,6	4,2	3,8
Vest-Agder fylke	4,3	4,2	4,2	3,8
Nasjonalt	4,2	4,2	4,1	3,8
<b>Læringskultur</b>				
Hægebostad kommune	3,8	4,6	4,3	4,2
Vest-Agder fylke	3,6	3,7	3,8	4,1
Nasjonalt	3,6	3,5	3,5	4,0
<b>Elevdemokrati</b>				
Hægebostad kommune	3,5	3,9	4,6	3,5
Vest-Agder fylke	3,5	3,4	3,5	3,9
Nasjonalt	3,4	3,4	3,4	3,8
<b>Fagleg utfordring</b>				
Hægebostad kommune	4,3	4,2	4,7	4,2
Vest-Agder fylke	4,2	4,2	4,2	4,2
Nasjonalt	4,1	4,1	4,1	4,0
<b>Felles regler</b>				
Hægebostad kommune	4,5	4,5	4,8	4,3
Vest-Agder fylke	4,6	4,6	4,7	4,4
Nasjonalt	4,6	4,6	4,6	4,4
<b>Meistring</b>	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Hægebostad kommune	4,0	4,0	3,9	4,2
Vest-Agder fylke	4,0	4,0	4,0	4,1
Nasjonalt	4,0	4,0	4,0	4,0
<b>Støtte frå lærarane</b>				
Hægebostad kommune	4,7	4,8	4,7	4,3
Vest-Agder fylke	4,4	4,4	4,5	4,5
Nasjonalt	4,3	4,3	4,3	4,4
<b>Vurdering og læring</b>				
Hægebostad kommune	4,2	4,5	4,6	3,9
Vest-Agder fylke	4,4	4,4	4,4	4,0
Nasjonalt	4,3	4,3	4,3	3,9
<b>Støtte heimanfrå</b>				
Hægebostad kommune	4,9	4,8	4,3	4,7
Vest-Agder fylke	4,5	4,5	4,5	4,4
Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,3
<b>Mobbing</b>				
Hægebostad kommune		0%	0%	4,7
Vest-Agder fylke		6,4%	5,4%	6,7%
Nasjonalt		7,2%	6,9%	7,1%
<b>Fysisk læringsmiljø</b>				
Hægebostad kommune				4,0
<b>Rekning</b>				
Hægebostad kommune				3,7
<b>Lesing</b>				

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

Hægebostad kommune				4,3
<b>Skrivning</b>				
Hægebostad kommune				4,2
<b>Digitale ferdigheter</b>				
Hægebostad kommune				4,5

Det er svært få elevar frå Hægebostad som gir uttrykk for at dei blir mobba på skulen eller digitalt. Kvar elev som melder at dei opplev mobbing er ein for mye! Det er ingen elevar som opplyser at dei blir mobba kvar veke eller oftare, heller ingen som blir mobba digitalt, eller av dei vaksne på skulen. Ingen elevar opplyser at dei har vore med på å mobba andre elevar. Likevel veit ein at på stader der fleire, det vere seg barn eller vaksne er samla, så vil det vere hendingar som ikkje er bra. Skulane i Hægebostad jobbar kontinuerleg med å betre rutinar og førebygge slike hendingar. Det blir lagt ned mye arbeid i klasseleiing, rutinar for friminutt/inspeksjon, tilrettelegging for trygg og god leik. Vi søkjer heile tida å auke kompetansen vår på dette feltet, vi sender medarbeidarar på kurs og vi leiger inn gode forelesarar til planleggingsdagar og vi driv med informasjon til foreldre/føresette på foreldremøte og i andre fora der det er naturleg.

## 17. Obligatoriske kartleggingsprøver

På småtrinnet blir det gjennomført både obligatoriske og frivillige kartleggingsprøver i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheter på begge skulane. Det er ingen rapportering til Utdanningsdirektoratet på desse resultata, men lærarane nyttar dei i det vidare arbeidet med kvar enkelt elev. Dersom resultata viser at ein elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldra få tilbakemelding om prøveresultata og kva tiltak skulen set inn. Resultata skal ikkje nyttast til å samanlikne skular eller kommunar, dei seier ingenting om kvaliteten på ein skule.

## 18. Nasjonale prøver

### 5. trinn:

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Engelsk</b>					
Farsund kommune		49 (1,6)	50 (1,5)	51 (1,9)	50 (1,6)
Flekkefjord kommune	47 (1,6)	49 (1,5)	48 (1,7)	50 (1,7)	49 (1,8)
Hægebostad kommune	46 (3,4)	49 (3,6)	47 (3,1)	44 (3,9)	49 (4,1)
Kvinesdal kommune	47 (2,1)	48 (2,4)	50 (2,5)	50 (2,1)	49 (2,0)
Sirdal kommune	46 (3,7)	50 (5,5)	48 (4,7)	49 (3,6)	49 (3,7)
<b>Lesing:</b>					
Farsund kommune		50 (1,8)	49 (1,6)	49 (1,6)	50 (1,5)
Flekkefjord kommune	48 (1,5)	49 (1,7)	48 (1,7)	49 (1,6)	49 (1,6)
Hægebostad kommune	49 (4,9)	48 (3,9)	43 (3,3)	45 (2,8)	53 (4,1)
Kvinesdal kommune	47 (2,5)	48 (2,3)	50 (2,3)	48 (1,9)	48 (1,8)
Sirdal kommune	49 (3,9)	49 (4,5)	54 (4,3)	50 (3,3)	48 (4,2)



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Rekning:</b>					
Farsund kommune		50 (1,8)	51 (1,7)	51 (1,7)	51 (1,6)
Flekkefjord kommune	50 (1,7)	53 (1,6)	49 (1,8)	50 (1,6)	50 (1,7)
<b>Hægebostad kommune</b>	48 (3,5)	48 (3,6)	50 (2,7)	51 (6,0)	<b>57 (3,0)</b>
Kvinesdal kommune	48 (2,2)	51 (2,1)	50 (2,2)	51 (2,0)	48 (2,0)
Sirdal kommune	53 (4,0)	49 (4,4)	54 (3,6)	53 (2,8)	49 (3,4)

Hægebostad kommune gjorde det svært bra på nasjonale prøver i 2019, spesielt i rekning.

## 19. Gjennomføring vidaregåande opplæring(VGO)

	2011-16	2012-17	2013-18	2014-19	2015-20	2016-21
Vg1	93%	87%	89%	93%	98%	90%
Vg2	89%	82%	88%	89%	93%	-
Vg3	84%	-	-	-	-	-

Gjennomføring i vgo blir målt fem år etter begynt vgo. Årskullet 2011 blei målt 01.10.16. Bestått vg1 og vg 2 gjeld for Hægebostad og Audnedal samla.

	2015 -16	2016 - 17	2017 - 18
Yrkesfag	61%	88%	68%
Studieførebuande	39%	12%	32%
Tal på elevar	23	17	28

Tall for 2019 er ikkje komen ennå.

## 20. Skole og kommunebidragsindikator i grunnskulen

Statistisk Sentralbyrå har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet undersøkt kor mange skulane bidreg til at elevane lærar, når ein tek omsyn til familiebakgrunn og tidlegare skuleresultat.

	2018	2018	2019	2019
Kommune:	1. – 4. trinn:	5. – 7. trinn:	1. – 4. trinn:	5. – 7. trinn:
<b>Hægebostad</b>	<b>-2,7</b>	<b>-0,1</b>	<b>0,3</b>	<b>0,5</b>
Farsund	1,1	-0,2	1,1	-0,6
Audnedal	-0,2	-2,8	-2,0	-2,2
Lyngdal	0,1	-0,5	-0,8	0,5
Kvinesdal	0,7	-1,3	-0,2	-1,6

Skulebidrag 1.-4. trinn indikerer kor mange skulene har bidrege til elevane si læring i dei grunnleggjande ferdigheter/fag som testast på nasjonale prøver på 5. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå. Tilsvarande gjeld for 5. – 7. trinn som blir målt ut frå nasjonale prøver på 8. trinn.

Skule-/kommunebidraget svarar dermed til forskjellen mellom dei gjennomsnittlige skalapoenga elevane faktisk oppnår på dei nasjonale prøvene og det snittet dei forventast å oppnå dersom skulens/kommunens bidrag var likt med landsgjennomsnittet.

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

## 21. Leksehjelp

Elevane på 4. – 7. trinn får tilbod om 2 timar leksehjelp kvar onsdag etter ordinær skuletid. Dette svarar til dei 8 timane elevane skal ha tilbod om i løpet av grunnskulen.

## 22. Dataprogram

### 22.1. IST

IST er eit nettbasert skuleadministrativt system som blei innført for skulane frå 1. august 2018 og for barnehage og SFO frå 01.01.19.

### 22.2. Feide

Feide er kunnskapsdepartementet si løysing for sikker identifisering i utdanningssektoren. Med Feide får tilsette/elevlar tilgang til ei rekkje tenestar knytt til forskning og undervisning med bruk av bare eit brukarnamn/passord.

### 22.3. Engage

Engage (tidlegare Vokal) eit verktøy for den enkelte lærar kor intensjonen er å lette læraren sitt arbeid knytt til oppfølging av den enkelte elev.

## 23. Symjeopplæring

Skulane i Hægebostad har hatt opne symjebasseng i haustmånadane. Då har alle klasstrinn pluss 3- 5 åringane i barnehagane hatt symjing.

## 24. Læremidlar

Det er fortsatt stort behov for lærebøker, men ein ser at skulane bruker meir og meir av læreverkmidlane til elektroniske løysingar til bruk på Smarttavler/iPad'ar. Skulane ønskjer i tillegg å tilby elevane eit breitt utval av konkretiseringsmaterieill i høve til stasjons-undervisning, skjønnlitteratur på engelsk, lærerike app'ar og oppdatert datautstyr.

## 25. Mobbing

- ✓ «Jeg trives» - plan for førebygging av mobbing i barnehage og skule
- ✓ Fokus på nettvett og bruk av sosiale media (mellom anna i samarbeid med skulehelsetenesta)
- ✓ Felles ordensreglar og sterkt fokus på klasseleiing.

## 26. Foreldresamarbeid

### 26.1. Barnehagane:

- Felles foreldremøte i barnehagen
- Tilbod om to foreldresamtalar kvart år
- Levering og henting
- Årsplan/månadsbrev/ved behov
- Samarbeidsutvalet/foreldrearrangement

### 26.2. Skulane:

- Felles foreldremøter
- To utviklingssamtalar i året
- Vekeplanar
- Samarbeidsmøter/foreldrearrangement/FAU/SMU/SU

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

**27. Nærvær/fråvær:**

Barnehagane:

Sjuefråvær	2016	01.01- 30.06.16	01.07- 31.12.16	2017	2018	2019
Eiken barnehage	13,3%	22,5%	3,8%	8,1%	3,1%	6,8%
Hægebostad barnehage	13,9%	21,7%	6,6%	4%	12,1%	2,3%
Totalt:	13,6%	22,1%	5,2%	6,1%	7,6%	4,5%

Skulane/SFO:

Sjuefråvær	2015	2016	2017	2018	2019
Eiken skule	3,6%	8,2%	8,6%	3,6%	2,1%
SFO Eiken	3,1%	12,6%	4,3%		
Kollemo skole	1,2%	8,2%	5,6%	7%	4,6%
SFO Kollemo	1,9%	0,5%	17,7%		
Totalt:	2,5%	7,4%	9,1%	5,3%	3,3%

Frå 2018 blei skule og SFO sett under eitt. Med få tilsette på SFO fekk ein store utslag som ikkje ga eit korrekt bilete av sjuefråveret.

**28. Serviceerklæring**

Det er utarbeidd serviceerklæring for både barnehagane og skulane i Hægebostad kommune.

**29. Skulebibliotek**

Det er utarbeidd samarbeidsplan mellom skulebiblioteka og folkebiblioteket. Folkebiblioteket er ein viktig samarbeidspartnar for skule og barnehage.

Eiken skule har etter søknad fått 90.000.- i tilskot for å styrke arbeidet med lesestimulering i skulebiblioteket.

**30. Tilskot og prosjektmidlar frå Utdanningsdirektoratet i kr.**

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
184 980	184 742	402 857	869 740	1 062 624	991 594	1 054 776

Hægebostad 26.05.2020

Malin Stokkeland

Pedagogisk konsulent



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

# Byremo ungdomsskole



## Beskrivelse av enheten:

Virksomheten omfatter ungdomsskoletilbudet til innbyggerne i Hægebostad og (gamle) Audnedal kommuner, og ligger i Byremo sentrum i tilknytning til både Byremo videregående skole og Byremo barneskole. Byremo Kulturbygg med stor idrettshall ligger like ved, og bygningsmassen til ungdomsskolen omfatter også en svømmehall.

## Nøkkelinformasjon

	2017 (2017/2018)	2018 (2018/2019)	2019 (2019/2020)
Antall årsverk	18,63	22	22,32 (reduseres våren 2020 med 2-2,5 årsverk)
Antall ansatte	23	27	27
Nærvær			95,65
Antall barn og plasser			
Antall elever	148	147	140
Antall rammetimer	392	431	

## Antall elever 2019/2020



## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

8. trinn	41
9. trinn	44
10. trinn	54
Totalt	140: 69 Hægebostad, 69 Audnedal, 2 gjesteelever fra andre kommuner

## Prognose elevtall fremtidige kull

Klasse	Byremo	Konsmo	Lyngdal	Eiken	Kollemo	Hægebostad	Totalt
7	9	14	23	11	12	23	46
6	10	13	23	13	7	20	43
5	12	20	32	9	10	19	51
4	8	9	17	7	7	14	32
3	9	16	25	18	8	26	51
2	8	16	24	15	11	26	50
1	11	15	26	12	12	24	50
Totalt	67	103		85	67		

## Oppsummering av aktivitet 2019/ Gi en kort redegjørelse for driften i 2019:

Det har vært jobbet mye med trivsel og læring. Det har vært fokus på det psykososiale arbeidet både blant elever og ansatte.

## Resultatoppnåelse 2019

## Fokusområder, mål, delmål og tiltak:

## Hovedmålsetting:


Forberede eleven i best mulig grad både sosialt og faglig på å gjennomføre den videregående skolen. Byremo ungdomsskole ønsker å gi elevene kunnskap, holdninger og ferdigheter slik at de blir i stand til å mestre egne liv. De skal kunne mestre ulike sosiale miljø, og på en inkluderende måte lede samfunnet vårt videre.

## Skoleporten - Elevundersøkelsen -

Enhet: Byremo ungdomsskole

Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019



Byremo ungdomsskole, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

## Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

**Utdrag av aktiviteter for elevene****Våren 2019:**

Kjærlighet og grenser 8. trinn  
 Arkivet 9. trinn  
 Utdanningsmesse Kr.sand 10. trinn  
 Leirskole Knaben 9. trinn  
 Lektor 2 9. trinn  
 Hospitering BVGS 9. trinn  
 Bli-kjent-dagen med foreldrekonsert på kvelden  
 Overnattingstur 9. trinn  
 Fotballturnering 8. og 9. trinn  
 Avslutningsfest for 10. trinn  
 Trafikk og rus

**Høsten 2019:**

Overnattingstur 10. trinn  
 O-løp 10. trinn  
 Trivselsundersøkelse  
 Foredrag om verdensdagen for psykisk helse  
 Utdanningsmesse Sørlandshallen 9. trinn  
 Hospitering BVGS 10. trinn  
 Besøk av vitensenteret  
 Psykologisk førstehjelp  
 PLIVO-øvelse (for ansatte)  
 Julekahoot i kantina hele skolen  
 Juleverksted hele skolen

**Nasjonale prøver ungdomstrinn**

Byremo ungdomsskole  
 Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Engelsk	50	46	48	48	48
Lesing	49	48	49	48	47
Regning	52	53	50	52	49

Byremo ungdomsskole  
 Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Lesing	55	55	54	51	53
Regning	54	53	56	53	57

De nasjonale prøvene gjennomføres tidlig på høsten for elevene på 5., 8. og 9. trinn. Det betyr at resultater på 8. trinn måler opplæring 5.-7. trinn, mens resultater 9. trinn måler opplæring i 8. trinn.

### Tilstandsrapport for skule og barnehage i Hægebostad kommune for 2019

---

Prøvene på 9. trinn er de samme som på 8. Resultatene på 9. trinn speiler elevenes grunnleggende ferdigheter på 8. trinn.



---

Arkivsak-dok. 20/01468-1  
Saksbehandler Ståle Olsen

**Saksgang**

**Møtedato**

Formannskap

---

## Saksframlegg

### Utviklingsfond - rapport for 2019

#### Rådmannens innstilling:

Rapport for utviklingsfond 2019 tas til orientering

#### Vedlegg

#### Saken kort fortalt

Det er ikke bevilget midler fra utviklingsfondet i 2019.

## Bakgrunn

Tildeling av midler fra utviklingsfondet bygger på vedtatte retningslinjer og prioriteringer.

Retningslinjene for fondet ble revidert i 2012. Opprinnelig var det 5 tiltak som kunne begystiges, men fra 2012 ble dette redusert til tre:

- 1) *Ulike marknadsføringstiltak av kommunen (inkl næringslivet generelt)*
- 2) *Ulike infrastrukturtiltak*
- 3) *Tiltak som fremjar likestilling i kommunen gjennom fellesprosjekt som har kvinnelege arbeidsplassar som mål.*

Samtidig ble også hovedmålet harmonisert med kommuneplanens vedtatte mål. Ifølge retningslinjene skal man i hovedsak ikke gi tilskudd til enkeltbedrifter. De senere år er det spesielt infrastrukturtiltak som er prioritert. Infrastrukturtiltak kan sikre at flere kan ha nytte av tiltaket, det har betydning for opprettholdelse av bosetting og er med på å sikre muligheter for å drive næringsvirksomhet i større deler av kommunen.

Opprinnelig ble fondet etablert med kr 2 000 000. Det er ikke blitt tilført friske midler til fondet etter etableringen.

Saldo på fondet var 01.01.2020 tilsvarende kr 295 102,-

Prosjekt Mobildekning Hekkfjell er delfinansiert over fondet med kr 60 000. Dersom prosjektet ikke gjennomføres godskrives fondet for bevilgede midler.

Det er i 2020 bevilget kr 115 000,- til oppgradering av trafostasjon i Jåddan industriområde, slik at saldo pr dato tilsvarer kr 180 105. Det forventes ny søknad til fondet for å avstemme prosjektet.